



Unni Rosnes Ystebø  
Valdersnesvegen 70  
5939 SLETTA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/16934 - 20/71491

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
11.11.2020

## Avvist søknad om oppføring av garasje og dispensasjon frå byggegrensa mot veg - gbnr 499/129 Ystebø

**Administrativt vedtak.**      **Saknr: 1210/20**  
**Tiltakshavar:**              Unni Rosnes Ystebø  
**Søknadstype:**              Søknad om tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

### VEDTAK

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om garasje og dispensasjon frå byggegrensa mot veg avvist.**

**Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.**

**Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.**

### Tiltak


Vi viser til søknad om oppføring av garasje og dispensasjon frå byggegrensa mot veg på gbnr 499/129 Ystebø, mottatt 29.09.2020.

### Planstatus

Eigedomen ligg innanfor område som er omfatta av reguleringsplanen Stølane byggefelt, planid 12602002000500, der eigedomen er sett av til byggeområde for bustadar.

Reguleringsplanen gjeld, men vert suppert /endra med gitte bestemmelsar i kommunedelplanen, jf. føresegn 4.12.

### Situasjonsplan og plankart



## VURDERING

Det går fram at søknadsskjema at det vert søkt om garasje og av e-post som følgde søknaden at det vert søkt om dispensasjon frå byggegrensa mot veg. Av dialog på e-post i byggesaksvakta forstår vi at det kan vera planlagt å føra opp garasje som ikkje krev søknad og løyve.

Kommunen har i gjennomgangen av søknaden lagt til grunn at det vert søkt om garasje slik det går fram av søknadsskjema, med storleik og plassering som vist på situasjonsplanen, og dispensasjon frå byggegrensa mot offentlig veg.

Med utgangspunkt i dette vurderer vi at søknaden ikkje er fullstendig. Dette gjeld opplysningar gitt i søknaden (t.d. storleik og utnyttingsgrad) ufullstendig nabovarsling, ikkje tilfredsstillande situasjonskart og manglande teikningar.

Slik garasjen er plassert vurderer vi at dispensasjon frå byggegrensa ikkje er nødvendig, sjå føresegn 4c.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til behandling. Vi kan heller ikkje vurderer om tiltaket krev søknad og løyve ut frå opplysningane som er gitt i søknaden.

## Vegen vidare

Oppføring av garasje må skje i samsvar med reguleringsplanen for Stølane byggefelt, sjå føresegnene til planen som vi har lagt ved dette brevet. Vi gjer særleg merksam på krav til utnyttingsgrad i føresegn 3a og krav til minsteavstand mellom garasje og veg i føresegn 4c. Dersom krav i planen ikkje kan oppfyllest, må det søkjast om dispensasjon frå planen. Dette gjeld også om garasjen i seg sjølv ikkje krev søknad og løyve.

Informasjon om garasje er søknadspiktig finn du på kommunen sine heimesider. Sjå her: <https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/ma-du-sokje/garasje-eller-carport/>

## Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Unni Rosnes Ystebø	Valdersnesvegen 70	5939	SLETTA
--------------------	--------------------	------	--------

**Mottakarar:**

Unni Rosnes Ystebø	Valdersnesvegen 70	5939	SLETTA
--------------------	--------------------	------	--------